

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUGDato: 27.09.2018  
Vår ref.: 2018/14014-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

## **Kulturminnefagleg fråsegn - søknad om bygging av landbruksveg - Skarhaugvegen og oppstillingsplass på gnr. 19 bnr. 4 - Nedre Sagstad i Meland kommune**

Me viser til brev datert 31.08.18 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Saka gjeld etablering av landbruksveg med tilhøyrande oppstillingsplass på Nedre Sagstad i Meland kommune.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med tiltaka. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar av trekol, eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaka, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsmynde har vurdert funnet. Slik gransking vil verte gjort så rask som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*